

Utviklingsstipend - idrettsutøvarar

Hordaland fylkeskommune deler kvart år ut utviklingsstipend til unge idrettsutøvarar. Søknadsfrist 1. oktober.

Føremål

Målet med stipenda er å gje mottakarane høve til å vidareutvikle seg innan den aktuelle idrettsgreina og vere ei stimulans til vidare satsing.

Omfang

Hordaland fylkeskommune tildeler fem utviklingsstipend innan idrett, kvart på 30.000,- Stipenda kan tildelast utøvarar som markerer seg med gode nasjonale og internasjonale prestasjoner innan sin idrett. Ein person kan berre motta stipendet ein gong.

Kriterium

Ved tildeling av stipend vil desse kriteria verta lagde vekt på:

- Prestasjoner
- Potensiale
- Planar for vidare satsing
- Aldersgruppe: 16 – 25 år
- Utøvarar som får toppidrettsstipend frå OLT fell utanfor målgruppa.

Søknad

Utøvar, trenar eller særkrets kan sende søknad på elektronisk søknadsskjema via www.hordaland.no/tilskot

Tildeling

Olympiatoppen Vest gjev råd ved tildelinga. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildeler stipenda etter tilråding frå fylkesrådmannen. Mottakaren skal innan påfølgande år gje ein kort skriftleg rapport om korleis stipendet har vore nytta.